

25.10.2010

Mange uskedelingar til Siddis Brass



Lovande trommis med kurs for Siddis: Sindre Aksnes.

Når Rosendal Musikklag deltar i den store korpskonkurransen Siddis Brass i Stavanger første helga inovember, er heile 8 uskedelingar med på laget.

No er førebuingane inne i siste fase, og lokalbefolkinga kan oppleve programmet som skal presenterast, på ein konsert i Rosendal samfunnshus førstkommande søndag.

Siddis Brass er rekna som eit uoffisielt NM i underhaldningsmusikk for brassband, og heile 54 av deibeste korpsa i landet, fordelt på 5 ulike divisjonar, er påmeldte til konkurransen. Kvart korps presenterer eit sjøvvalgt konsertprogram på ca. 20 minutt, og det plar vera ein utruleg stemning blant publikum i dei ulikekonsertsalane som vert brukt. Når ein kjenner til nivået, er det imponerande og viktig at Rosendal kvart år er i stand til å vera med i dette selskapet. Endå meir imponerande er det når vi veit at RM stiller med 30 musikarar som alle er frå lokalmiljøet.

Mange av dei konkurrerande korpsa må leige inn musikarar forå fylle opp og forsterke besetninga.

Rosendal deltar i 3.divisjon, og det er 11 korps i denne divisjonen. For musikarane er det ei stor sosial og musikalsk oppleveling å kome tilbake år etterår. Det er denne fantastiske opplevinga som er viktigast, ikkje plasseringa.

Rosendal Musikklag skal presentera eit variert, godt og publikumsvennleg program på 5 nummer. Eit av nummera er soliststykket 'Domen' som Jan Magne Førde skrev til Trondheim sitt 1000-årsjubileum i 1997. Det er eitlyrisk og vakkert stykke med røter i norsk folkemusikk, og Vegard Døssland skal vera solist. Truleg spelar den unge kornettisten flügelhorn på dette nummeret.

Dei 8 uskedelingane som skal vera med i Siddis er: Gunnvald Friheim, Vegard Døssland, Kaja Døssland, Torunn Døssland (alle på kornett), Birgitte Hjelmeland(althorn), Lene S. Myklebust (euh./barytone), BjørnNaterstad (trombone) og Sindre Aksnes (slagverk).

I tillegg nemner vi at skulemusikk-dirigenten Tor Skeie Olsen erprinciple-kornettist i korpset.

Vegard Døssland skal og spele med Sagvåg Musikklag.
Dei er med i 2.divisjon der det er 17 deltakarkorps.

Av Thor Inge Døssland